

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Bergen, 21. august 2020

Partsbrev – Konstituering av ny dagleg leiar i Valen Kraftverk AS

Eg viser til Dykkar brev av 19. juni 2020 - referanse 2020/37320-6.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber i brevet underteikna informere skriftleg om tilsetjing av ny dagleg leiar i kraftverket, jf. medieomtale i etterkant, samarbeidsavtale med Kvinnherad Energi AS, habilitet og eventuelt om det er økonomisk meirkostnad og/eller uklare leiingsansvarlinjer i kjølvatnet av tilsettinga.

Eg vil understreke innleiingsvis at De nyttar omgrepet tilsetjing. Saka gjeld konstituering av ny dagleg leiar i Valen Kraftverk AS.

Det er reist 9 spørsmål. Eg gjev berre delvis att sjølve spørsmåla.

1. Spørsmålet gjeld kva prinsipp som ligg i avtalen mellom Kvinnherad Energi AS om leiingsfunksjonen i Valen Kraftverk AS.

Valen Kraftverk AS har ikkje eigne tilsette og kjøper derfor tenester knytt til drifta av kraftverket. Det er inngått «Avtale om drift» mellom Valen Kraftverk AS og Kvinnherad Energi AS, og i denne driftsavtalen er det beskrive kva for tenester Kvinnherad Energi AS leverer til Valen Kraftverk AS.

Det følgjer av avtalen at Kvinnherad Energi AS v/administrerende direktør har ansvar som dagleg leiar av verksemda ved Valen Kraftverk AS. Når det gjeld oppgåva som dagleg leiar står det i avtalen at «Han skal førebu saker til styret, delta på styremøta og ha ansvar for gjennomføring og oppfølging av vedtaka. Arbeid og ansvar vert utøvd ved ein rasjonell delegering av oppgåver på grunnlag av instruks og fullmakter gjevne av styret for Valen Kraftverk AS.»

I 2018 vart dåverande administrerende direktør i Kvinnherad Energi AS alvorleg sjuk, og partane vart einige om at teknisk leiar i Kvinnherad Energi AS, Kjell Enes, overtok som dagleg leiar i Valen Kraftverk AS.

Hausten 2019 vart det vedteke å utfisjonere nettverksemda i Kvinnherad Energi AS, der Kjell Enes var tilsett, til BKK Nett. Dei tilsette vart overført til BKK Nett med verknad frå 1. mai 2020.

BKK Nett stilte krav om at ein ivaretok nøytraliteten som nettselskap, og Kjell Enes vart av BKK Nett informert om at han ikkje kunne halde fram som dagleg leiar i Valen Kraftverk AS som berre har kraftproduksjon (og ikkje nett). Dette vart meddelt styret i Valen Kraftverk AS 14. april 2020. Sjå nærare om dette under svaret i pkt. 4.

2. Avtalen mellom Kvinnherad Energi AS og Valen Kraftverk AS gjeld ut 2021 og vert automatisk fornya for tre nye år dersom den ikkje vert sagt opp av ein av partane innan eit år i førevegen, dvs. innan utgangen av 2020.

3. Spørsmål

«Dersom det er avtalefesta at Kvinnherad Energi har ansvar for å administrere Valen Kraftverk AS, slik det kan synast å gå fram av mediaomtale – kvifor tilsette då styret dagleg leiar uavhengig av avtalen?»

Svar:

Pga situasjonen frå 1. mai 2020 var det ikkje personell i Kvinnherad Energi AS som styret kunne tilsetje/konstituere som dagleg leiar.

4. Spørsmål:

«Når så vart gjort – vert det i ettertid vurdert som greitt med tilsetjing utan utlysing?»

Svar:

I spørsmålsformuleringa er brukt ordet tilsetjing. Styret tilsette ikkje Terje Enes. Terje Enes vart konstituert.

Det korte svaret er ja.

Det litt lengre svaret er følgjande:

Kvinnherad kommune vedtok hausten 2019 å fusjonere ut nettverksemda i Kvinnherad Energi AS til BKK Nett. Sidan har det vore ein prosess med å leggje til rette for den vidare drifta i Kvinnherad.

Først svært seint i denne prosessen fekk styret i Valen Kraftverk AS melding om at Kjell Enes ikkje ville få høve til å vere dagleg leiar etter 1. mai 2020. Kjell Enes var ikkje berre vår daglege leiar. Han hadde også ansvaret for utbygginga av ny kraftstasjonen oppe i Valedalen – ei investering på over 20 mill. kr. Heller ikkje jobben som prosjektleiar for dette prosjektet fekk Kjell Enes høve til å halde fram med etter 1. mai 2020.

Det vart då – og med svært knapp tid til rådvelde – maktpåliggjande for styret å finne ei rask og god løysing både når det gjaldt dagleg leiinga av selskapet og framhald i prosjektleiarfunksjonen for prosjektet i Valedalen.

Det var ingen tilsette i Kvinnherad Energi AS etter 1. mai 2012 som styret kjende til og som styret kunne konstituere. Styret måtte leite utanfor organisasjonen Kvinnherad Energi AS.

Slik situasjonen var meiner styret det ikkje var så mange andre alternativ enn å konstituera Terje Enes utan utlysing.

Eg understrekar igjen at styret konstituerte Terje Enes – det var ikkje ei tilsetjing.

Terje Enes var den opplagte kandidaten.

Terje Enes har tidlegare hatt driftsansvaret og vore vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) for Valen Kraftverk i 25 år. Han har og vore dagleg leiar for Valen Kraftverk AS frå selskapet vart stifta i 2003 og til han gjekk av med pensjon i 2010. Og ikkje minst var han sentral under arbeidet som førde fram til at Valen Kraftverk AS fekk konsesjon på å bygge ein ny kraftstasjon oppe i Valedalen som kunne utnytte fallet frå den store oppsamlingsdammen og ned mot den neste oppsamlingsdammen før vatnet går i røyrgata ned mot kraftstasjonen i nærleiken av tidlegare Valen sjukehus. Konsesjonen vart først avslått. Men etter klage fekk selskapet konsesjonen. Terje Enes var sentral under utarbeidinga av konsesjonssøknaden og også under klagebehandlninga. Terje Enes har såleis inngåande kunnskap om det nye prosjektet oppe i Valedalen. Han hadde derfor den kompetansen som Valen Kraftverk AS trengte til også å vere prosjektleiar etter at Kjell Enes måtte gå ut av denne rolla frå 1. mai 2020.

Eg som styreleiar kjende Terje Enes frå eit mangeårig samarbeid – eg som styreleiar og han som dagleg leiar i Valen Kraftverk AS. Han gjorde i alle år ein framifrå jobb for Valen Kraftverk AS.

Terje Enes gjorde ikkje berre ein framifrå jobb som dagleg leiar for Valen Kraftverk AS. Han var også prosjektansvaret for hovudutbygginga – og «arkitekten» - for planlegginga og bygginga av den nye kraftstasjonen med ny røyrgate som sto ferdig i 2008. Dette var ein omfattande jobb. Den nye kraftstasjonen meir enn dobla produksjonen til knappe 20 GWh.


Det var derfor ei svært nærliggande løysing at eg tok kontakt med Terje Enes for å høyre om han kunne ta på seg oppgåvene som dagleg leiar for Valen Kraftverk AS og som prosjektleiar for den nye kraftstasjonen i Valedalen. Føresetnaden var at det skulle vere i ein etter måte kort konstitueringsperiode.

Å stå utan både dagleg leiing i selskapet og ikkje minst å stå utan prosjektleiar for bygginga av den nye kraftstasjonen i Valedalen meinte styret var heilt uforsvarleg.

Styret er svært takksam for at pensjonisten på så kort varsel kunne hjelpe Valen Kraftverk AS i ein vanskeleg situasjon.

Løysinga vart at Terje Enes vart konstituert som dagleg leiar på timebasis i ca. 10% stilling og at han i tillegg kunne vera prosjektleiar for bygginga av Valedalen Kraftverk. Den nye kraftstasjonen skal vera i drift januar-februar 2021. Dette måtte skje utan utlysing – som kontrollutvalet spør om – og det er ei avgjerd eg og styret heilt ut står bak.

5. Kjell Enes har ikkje delteke eller hatt noka rolle i konstitueringa av Terje Enes. Det vert vist til det som er opplyst under pkt.4 der det går fram at det var styreleiar som hadde kontakt med Terje Enes under denne prosessen.
6. Nei, Kvinnherad Energi AS og Valen Kraftverk AS har avklara ansvarstilhøva og det er berre Terje Enes, som er konstituert som dagleg leiar av styret i Valen Kraftverk AS, som har dette ansvaret.
7. Der er semje mellom Kvinnherad Energi AS og Valen Kraftverk AS om at avtalen som ligg til grunn, må reviderast. Det er godt samarbeid mellom partane og ein reknar med at Valen Kraftverk AS får redusert den årlege godtgjersla for dagleg leiar ein ikkje lenger nyttar seg av.
8. Nei, det har ikkje oppstått uklare ansvarslinjer etter at Terje Enes vart konstituert som dagleg leiar i Valen Kraftverk AS,
9. Det er av underordna betydning om dagleg leiar vert definert som ein funksjon eller ei stilling.



Johnny Stiansen

Styreleiar i Valen kraftverk AS